# Meland kommune

I.S. Arkitekter AS
Pb 3966
5835 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Reidun Iden Lædre | 12.11.2014 |
| Vår: 14/4022 - 14/17473 | reidun.i.ladre@meland.kommune.no | |

## Førebels svar - arealoverføring mellom gbnr 22/20 og gbnr 22/223 Mjåtveitmarka.

Meland kommune har motteke Dykkar søknad 17.10.2014. Saka har fått saknr 14/4022.

Nedanfor følgjer ei orientering om lovpålagte tidsfristar og generelle sakshandsamingsrutiner.

Tidsfristar:
Plan- og bygningslova har sett tidsfristar for handsaming av ein del søknadstypar. Hovudregelen er at tidsfristar skal følgjast, og at fristen vert utsett dersom søknaden ikkje er fullstendig. Den tida det eventuelt vil ta ansvarleg søkjar/tiltakshavar å gjere søknaden fullstendig må difor leggjast til den forventa sakshandsamingstida.

| **SAKSTYPE:** | **TIDSFRIST:** |
|---|---|
| Søknad om frådeling etter Pbl § 20-1 bokstav m som ikkje krev dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan | 12 veker |
| **NB!**<br>Søknad om frådeling etter Pbl § 20-1 bokstav m, der søknaden inneber dispensasjon frå gjeldande plan | Ikkje lovpålagte fristar |

*Dersom ikkje frist for nabomerknader er gått ut ved innsending av søknad/melding, vert denne tida lagt til overnemnde fristar.*

Sakshandsaming i kommunen:
Kommunen går gjennom den innkomne søknaden. Er saka fullstendig, vert vedtak fatta. Dersom det føreligg mindre manglar ved dokumentasjonen, vert ansvarleg søkjar/
tiltakshavar underretta om dette. Er saka så mangelfull at den ikkje kan handsamast, vert den returnert.

Gebyr:

Handsaming av søknad er gebyrbelagt.  Når saka er ferdighandsama vert gebyr fastsett i samsvar med gebyrregulativ vedteke av Meland kommunestyre. Nærare opplysningar om gebyr og satsar finn De på www.meland.kommune.no  under informasjon – fakta.
Nærare opplysningar om sakshandsamingsreglar finn De også på www.dibk.no

Nærare opplysningar om saksgang kan De få på Tenesteområde plan, utbygging og kommunalteknikk, tlf. 56171000, e-post: postmottak@meland.kommune.no

Med helsing

Reidun Iden Lædre
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| I.S. Arkitekter AS | Pb 3966 | 5835 | BERGEN |